



Møte i Studentparlamentet

nr 6/20-21

Onsdag 24. mars 2021

Digitalt møte – Zoom

<https://hivolda.zoom.us/j/63473621400?pwd=NUJ5b3haNnpzL2N2VE1OWkkyUXdMZz09>

Kl 16.30-19.00

Dagsorden

Sak 54 – 20/21:	Opprop og val av møteleing	3
Sak 55 – 20/21:	Godkjenning av innkalling og saksliste	3
Sak 56 – 20/21:	Godkjenning av referat.....	4
Sak 57 – 20/21:	Orienteringar	4
Sak 58 – 20/21:	Val til styret i SiVolda.....	5
Sak 59 – 20/21:	Status for arbeidsprogrammet 20-21.....	6
Sak 60 – 20/21:	Tillitsvaldordninga – innspel.....	9
Sak 61 – 20/21:	Eventuelt.....	9

Sak 54 – 20/21: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Forslag til vedtak

- Trym Nikolas Rimmen vert vald til ordstyrar
- Paloma Lorenzale Alonso og Anna Kristin Indridadottir vert valde til teljekorps.
- Trond-Fredrik H. Hoddevik blir vald til referent

Sak 55 – 20/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Godkjenning av saksliste

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek oppsett saksliste:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 27.01.21		
16.30	54	Opprop og val av møteleiing	V	Trym
	55	Godkjenning av innkalling og saksliste	V	Trym
	56	Godkjenning av referat	V	Trym
16.40	57	Orienteringar	O	Trym
17.00	58	Val til styret i SiVolda	V	Paloma
17.30		Pause 10 min		
17.40	59	Status, Arbeidsprogrammet 20-21	D	Trym
18.10	60	Tillitsvaldordninga, innspel	D	Trond-Fredrik
18.40	61	Eventuelt		
18.50		Møtekritikk		
19.00		Møteslutt		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker

Sak 56 – 20/21: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1 – referat frå møte i Studentparlamentet 24.02.21

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 24.02.21

Sak 57 – 20/21: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Nytt Fadderstyre
- Val av nytt AU på april-møtet
- SHot-deltaking
- Førebuingar til Landsmøtet til NSO
- Deltaking på SAIH sitt landsmøte
- Treplanting

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde:

- Møteplassgruppa v/ Matilde
- Velferdsgruppa
- Andre?

Sak 58 – 20/21: Val til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Paloma Lorenzale Alonso

Studentparlamentet skal velje 3 faste og 3 varaer til SiVolda sitt styre for kommande studieår. Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får høve til å presentere seg og halde eit innlegg/valtale.

Forslag til vedtak

Studentparlamentet vel 3 faste medlemmar og 3 varamedlemmar til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) for studieåret 2021-2021.

Valet blir gjennomført ved urneval.

Bakgrunn

Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) blir driven av og for studentane. SiVolda tilbyr eit breidt spekter av velferdstilbod, og skal vere eit supplement til offentlege tenester spesielt retta inn mot studentane i Volda. SiVolda tilbyr velferdstenester innanfor blant anna helse, kantinedrift, Studenthuset Rokken, rådgjevingsteneste, studentbustadar, treningstilbod, sosiale tiltak med meir. SiVolda har som mål å ha gode og attraktive velferdstilbod som skal sikre ei spanande og meningsfull studietid i Volda.

Alt av overskot frå SiVolda sitt virke går tilbake til å sikre og vidareutvikle velferdstilbodet for studentane i Volda.

Styret i SiVolda er sett saman av tre studentar, eit medlem vald av dei tilsette ved SiVolda, og eit medlem vald av HVO. Studentane har dermed fleirtal i styret. Å vere medlem i styret i SiVolda er eit honorert verv, og du får opplæring. Det er eit viktig verv, og Studentparlamentet forventar at den einskilde student tek vervet på alvor. Ein kan forvente om lag 6 møter i løpet av studieåret, i tillegg til opplæring.

Som medlem i styret i SiVolda, er du med på å vedta planar og føringar for SiVolda, og gjere vedtak knytt til den økonomiske drifta og investeringar framover. Du får moglegheita til å kome med idear til handlingsplanar og tiltak. Du får erfaring med å sitje i styret i ei bedrift, får innsikt i korleis samskipnaden blir leia, og korleis studentsamskipnadane samarbeidar nasjonalt. Styreleiar blir valt internt i styret, og ofte er det ein av studentane som blir valt til dette.

Utviklinga av samskipnaden har stor betydning for alle studentane i Volda. Administrerande direktør, Jan Henning Egset, har ansvaret for den daglege drifta i samskipnaden. Han orienterte også om vervet på førre møte i Studentparlamentet, 24.02.21.

Det ligg meir info på nettsidene til SiVolda: <https://www.sivolda.no/om-sivolda/category894.html>

Sak 59 – 20/21: Status for arbeidsprogrammet 20-21

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggar: Trym Nikolas Rimmen

Studentparlamentet vedtok arbeidsprogram for 20-21 på første møtet i september 2020. AU legg her fram arbeidsprogrammet med kommentarar frå AU, og ynskjer innspel frå Studentparlamentet på arbeidet som er gjort og korleis AU bør prioritere fram til studieåret er omme.

- Kva punkt vil parlamentet tilrå å ta med vidare til neste års arbeidsprogram?
- Kva hastar det for AU å ta tak i no i vår?
- Kva tilbakemeldingar vil de gi til AU på arbeidet som er gjort og arbeidet som gjenstår?
- Kjenner parlamentet eigarskap til programmet?

Arbeidsprogram 2020-2021

For Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

Bygge organisasjon og samarbeid

1. Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid
2. Informere studentmassen meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet jobbar med. Gjere det kjent når Studentparlamentet har oppnådd eit mål
3. Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO. Annonser val i god tid i kanalar studentar faktisk fylgjer med på
4. Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
5. Ha jamn kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda-styret
6. Vidareutvikle arbeidet med Velferdsgruppa
7. Utarbeide ny samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda
8. Gjere informasjonen på hivolda.no om Studentparlamentet lettare tilgjengeleg

Kommentar frå AU: vi er nøgde med samarbeidet med andre (punkt 3,4,5,6) og er i prosess med å ferdigstille ny samarbeidsavtale med HVO (7). AU ser at vi kan bli betre på kommunikasjon utad og syngleggjere meir av arbeidet vårt (1,2,8). Det har vore krevjande å nå studentane i koronatida, sidan ein ikkje har kunna hatt stand eller andre fysiske treffpunkt. Vi har heller ikkje vore så synlege på digitale flater som vi skulle ønske.

Studentvelferd

1. Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande studentmiljø
2. Prioritere velferdsgruppa og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
3. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentar i alle aldrar, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg
4. Legge forholde til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane
5. Fornye retningslinjene til Studentprisen og dele den ut ved studiestart
6. Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus.

Kommentar frå AU: Gjennom arbeidet i Velferdsgruppa har vi oppfylt mykje av intensjonane i punkt 1,2,3. Punkt 4 har vore krevjande, då mange av studentorganisasjonane ligg på is. Organisasjonane har per i dag lokale i kjellare på idrettsbygget. Vi har fått fleire søknadar om velferdsmidlar etter nyttår, og ligg ca på gjennomsnittet der. Punkt 5 er gjennomført, og punkt 6 blir jobba med gjennom arbeidsgruppa for sosial møteplass i kantina.

Utdanningskvalitet

1. Gjennomgå systemet for tillitsvalde og vurdere endringar/justeringar
2. Bidra til høg deltaking i studentundersøkelser som Studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen
3. Vere pådrivar for betre kvalitet i digitale undervisningsformer
4. Arbeide for mest mogleg opne og tilgjengelege rom på campus
5. Arbeide for at HVO utarbeider ein mal for utdanningsamtaler for alle studentar
6. Jobbe for betre oppfølging av studentar gjennom praksisperioder, med gode rammer for fagleg utvikling og evaluering.
7. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.
8. Jobbe for at informasjon om val og anna viktig info frå Studentparlamentet kan leggjast ut på Canvas.

Kommentar frå AU: Punkt 1 har ny velferdsansvarleg tatt over etter avtroppande, og blir jobba med fram mot studiestart. Elles er fleire av desse punkta avhengige av godt arbeid blant dei tillitsvalde og i Høgskulen sine råd og utval. Her ynskjer vi oss innspel, t.d. gjennom sak på dagens møte.

Likestilling, mangfald og inkludering

1. Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma slik at alle har lik tilgang til høgskuleområdet.

2. Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle.
3. Følge opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast gjennom å lage ein anonym mal, evt. på Canvas.
4. Dele ut pris for internasjonisering kvart år.
5. Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek.
6. Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet.

Kommentar frå AU: På punkt 1 har vi hatt ei sak om universell utforming av adgangskorta til HVO som har løyst seg i samarbeid med avd for eigedom. AU har ikkje fått følgt opp punkt 3 om mobbing og trakassering. Prisen for internasjonisering (punkt 4) vart beslutta å ikkje dele ut i år pga korona. Punkt 5 har vi fått til ein del nye aktivitetar i samarbeid med bl.a. Pangaia og Re:act, både før jul og no med International Corner. Vi er i god dialog med nytt fadderstyre og vil følgje opp punkt 6 der.

Miljø og berekraft

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus
2. Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø i læringsmiljøutvalet.
3. Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert Miljøfyrtårn
4. Betre Studentparlamentet sin miljøprofil i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar og reiser der det let seg gjere
5. Arbeide for at berekraftsmåla til FN er i fokus ved Høgskulen i Volda

Kommentar frå AU: vi har vedtatt miljøuttalen, som no blir behandla av HVO og SiVolda. Vi vil få ei tilbakemelding frå HVO på uttalen. Uttalen går inn i både punkt 1,3,4 og 5. Punkt 2 er ikkje oppfylt.

Sak 60 – 20/21: Tillitsvaldordninga – innspel

Type sak: Orienterings- og diskusjonssak
Saksframleggar: Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Det skal snart arrangerast studentrådsmøte for vår-semesteret i april. Trond Fredrik orienterer kva innspel som er ynskjeleg å få, og kva som alt er på agendaen.

Bakgrunn

Det har i lang tid vore klart at ordninga for tillitsvalde er problematisk og utydeleg. Dette skuldast at ordninga for val av tillitsvalde er praktisert ulikt i dei ulike institutta. Det er i samband med at Studentparlamentet snart skal arrangere studentrådsmøte i april, at denne saka no kjem opp.

Det er plan om at ordninga må gjennomgå endringar, noko Arbeidsutvalet vil prøve få gjort innan neste haust-semester. I den anledning ynskjer AU ei runde med innspel til korleis ordninga med tillitsvalde kan forbetrast. Desse innspela vil bli tatt med inn i arbeidet av ei fullstendig plan som Studentrådet så kan kommentere på.

Det er følgjande punkt AU ynskjer at studentparlamentet vil kommentere på:

- Skille mellom representant i kvalitetsutval og tillitsvald for årskullet
- Korleis val av tillitsvalde bør skje
- Kontakten med andre tillitsvalde (type forum)
- Opplæring av tillitsvalde (lovverk, rettigheter, etc...)

Sak 61 – 20/21: Eventuelt

Type sak:
Sakshandsamar:

Møteevaluering etter formell møteslutt